



Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
022/23	Formannskapet	23.03.2023

Felles forskrift om påslepp av olje- og feitthaldig avløpsvatn og utslepp av oljehaldig avløpsvatn Gloppen, Stad og Stryn - Utlegging til offentleg ettersyn

Bakgrunn for saka:

Dei 3 Nordfjordkommunane Gloppen, Stad og Stryn har hatt eit ynskje om å innføre felles forskrift om olje- og feittpåslepp til kommunalt nett og oljeutslepp til resipient i sine respektive kommunar. Ingen av kommunane har eigen forskrift per dags dato, det var derfor eit godt høve til å få likelydande og forutsigbare retningslinjer for alle verksemder i regionen.

Driftsassistansen Vest utarbeidd eit førebels utkast til forskrift og kalla deretter inn til oppstartsmøte der alle kommunane var representert. Driftsassistansen Vest har vore sekretær for prosjektet. Gjennom nettmøte og anna korrespondanse vart det utarbeida eit felles framlegg til lokal forskrift.

Før kommunestyret kan vedta ny forskrift skal det gjevast høve til å kome med merknadar. Forskrifta blir derfor lagt ut til offentleg ettersyn.

Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

- Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg av 16. mars 2012, nr. 12
- Lov om vern mot ureining og om avfall (Forureiningslova) av 13. mars 1981, nr.6
- Forskrift om begrensning av ureining (Ureiningsforskrifta) av 1. juni 2004, nr. 931

Ikkje vedlagt sakstilfang:

Vedlegg i saka:

Lokal forskrift for olje- og feitthaldig avløpsvatn 1586920

Saksopplysningar:

Påslepp av feitthaldig og oljehaldig avløpsvatn og utslepp av oljehaldig avløpsvatn blir i dag regulert av bestemmelsane i ureiningsforskrifta sitt kapittel 15 og i abonnementsvilkåra for vatn og avløp. Kommunen kan i enkeltvedtak eller i forskrift fastsette krav til påslepp av avløpsvatn frå verksemder til offentleg avløpsanlegg, jfr. ureiningsforskrifta § 15A-4.

Bakgrunnen for å utarbeide forskrifta var særleg eit ønskje om å regulere påslepp av avløpsvatn på det kommunale avløpsanlegget som er utanfor den mengde og type avløp reinseanlegget er bygd og

tilrettelagt for.

Krava til påslepp blir sett ut frå omsynet til det offentlege avløpsanlegget sitt utsleppskrav for:

- å unngå skade på offentleg avløpsanlegg
- å sikre at drifta av avløpsanlegget ikkje vanskeleggjerast
- at slambehandlinga ikkje vanskeleggjerast
- å sikre kvaliteten på avløpsslammet
- å sikre helsa til personell som arbeider med offentleg avløpsanlegg.

I tillegg har det òg vore viktig å spesifisere krava i forhold til miljøkrav ved utslepp av oljehaldig avløpsvatn til resipient. Krava i denne forskrifta kjem i tillegg til eventuelle krav som statleg ureiningsmynde har stilt i verksemda sitt utsleppsløyve.

Alle kommunane har eige søknadsskjema som skal nyttast ved påslepp og utslepp.

Vurdering:

Både kommunane sine eigne erfaringar og observasjonar tyder på at ein del verksemder ikkje har løysning for tilstrekkeleg fjerning av olje eller feitt frå avløpet før det vert slept ut på kommunalt avløpsnett. Det er viktig å setje krav både til forsvarleg drift og tilstrekkeleg vedlikehald av anlegga for å unngå tilførsel av uønska mengder feitt og olje til kommunale avløpsanlegg (§15A), og i tillegg setje konkrete krav til oljehaldig utslepp til resipient (§15).

Ei utfordring for kommunen som eigar av avløpsanlegga og som ureiningsmyndigheit på dette området, er å ha tilstrekkeleg kapasitet til å følge opp dei bestemmelsane som gjeld. Dette gjeld både eksisterande verksemder med slike påslepp og utslepp og ved etablering av nye verksemder der det er behov for pålegg om tiltak.

Målet var å oppnå ein einsarta saksbehandling, og å tydeleggjere krav til påslepp til kommunalt avløpsanlegg og utslepp av oljehaldig avløpsvatn til resipient. Forskrifta skal i tillegg sikre at olje- og feittutskiljarar blir drifta på ein slik måte at utsleppskrava blir overhalde. Følgande forhold skal vektleggast:

- enklare oppfølging av bestemmelsane og verksemdene ved at ein har ein forskrift som omfattar berre oljehaldig og feittaldig avløpsvatn.
- gi meir konkrete krav til utforming, drift og vedlikehald av oljeutskiljaranlegg enn det ureiningsforskrifta inneheld.
- gi meir konkrete krav til utforming, drift og vedlikehald av feittutskiljaranlegg. I ureiningsforskrifta er det ingen særlege krav til feittutskiljarar. Kommunane såg behov for å setje særlege krav.
- å få ein likelydande forskrift for alle 3 kommunane forenklar saksbehandling og gjer det enklare å forhalde seg til bestemmelsane for røyrleggjarfirma, slamtømmarfirma og dei verksemdene som forskrifta angår.

Forslaget er utarbeida av ei arbeidsgruppe der alle kommunar har vore representert.

Driftsassistansen Vest har vore sekretær for arbeidsgruppa.

Forskrifta vedkjem verksemder som har dei typar avløp forskrifta omhandlar. Dette vil for eksempel vere:

- Bilverkstader, bensinstasjonar og vaskehallar med oljehaldig avløpsvatn.
- Restaurantar, gatekjøkken og kioskar med matproduksjon med feittaldig avløpsvatn.

Kravet til verksemder med slike anlegg er etablering av reinse- og utskiljaranlegg, innsending av søknad om utslepp/påsepp, samt drift, rapportering og dokumentasjon av anlegga. Forskrifta gjeld for både allereie etablerte verksemder og nye verksemder.

Dei store næringsmiddelbedriftene har eigne påseppsavtalar med kommunen. Desse vil framleis gjelde.

Miljø- og klimamessige konsekvensar.

Forskrifta sitt hovudformål er miljømessig begrunna ved at utslepp av miljømessig, skadelege stoff skal vere på eit minimum.

Administrative konsekvensar.

Det blir forventa at saksbehandling av søknadar og oppfølging av løyve vil bli enklare, blant anna gjennom meir konkrete og tydelege bestemmelsar.

Gebyr.

Sakshandsaming og oppfølging av anlegg er omfatta av kommunen sine lovpålagte forvaltningsoppgåver og utgifter til tilsyn kan og bør dekkast inn gjennom byggesaksgebyr etter kommunen sitt gebyrregulativ. Gebyr etter plan- og bygningsloven §33-1 skal ikkje overstige kommunen sine naudsynte kostnadar til saksbehandling og oppfølging, og skal bereknast ut ifrå prinsippet om sjølvkost.

I forhold til noverande ressursar brukt på oppfølging av løyver og verksemder er det imidlertid behov for auka ressursbruk til oppfølging for å ha tilstrekkeleg kontroll over påseppa og utsleppa.

Det er lagd fram likelydande saksframlegg om offentleg ettersyn i kommunane Gloppen og Stad. Gloppen og Stad har allereie vedteke Felles forskrift om påsepp av olje- og feitthaldig avløpsvatn og utslepp av oljehaldig avløpsvatn Gloppen, Stad og Stryn i 2021. Dessverre vart ikkje dette gjort i Stryn på same tid.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i lov 16. mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg (vass- og avløpsanleggslova), lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot ureining og om avfall (Forurensningsloven) § 7, § 9, § 18, § 73 og § 85 og forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av ureining (ureiningsforskrifta) § 15-6 og §15A-4., vert ny lokal forskrift; *Felles forskrift om påsepp av olje- og feitthaldig avløpsvatn og utslepp av oljehaldig avløpsvatn, Gloppen, Stad og Stryn* lagt ut til offentleg ettersyn i 4 veker.

Formannskapet 23.03.2023:

Handsaming:

Avdelingsleiar kommunalteknikk Sigurd Muldsvor orienterte før handsaming av saka. Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedteke.

FO- 022/23 Vedtak:

Med heimel i lov 16. mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg (vass- og avløpsanleggslova), lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot ureining og om avfall (Forurensningsloven) §

7, § 9, § 18, § 73 og § 85 og forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av ureining (ureiningsforskrifta) § 15-6 og §15A-4., vert ny lokal forskrift; *Felles forskrift om påslepp av olje- og feitthaldig avløpsvatn og utslepp av oljehaldig avløpsvatn, Gløppen, Stad og Stryn* lagt ut til offentleg ettersyn i 4 veker.